

Sundag kveld blir den tradisjonelle julekonserten halde i kyrkja med soknerådet som arrangør. Også aktørane er tradisjonelle, men med eitt klart unnatak: Knut Inge Røen (58), som er busett i Samnanger.

Røen er ein god songar og han har også laga sin del songar sjølv. Han har ein lang songkarriere bak seg. Den starta allereie då han var 14 år. Etterkvart har han opparbeidd seg eit stort repertoar som spenner frå salmar til frisk countrymusikk.

Røen har halde mange konsertar både i kyrkjer, bedehus og kulturhus og har gledd eit stort publikum med sin måte å formidla melodane på, ofte saman med gitaren sin.

Her i kommunen har han til dømes halde Reeves-kveld i Husnes kyrkje.

Ved orgelet i vår kyrkje under julekonserten sit Lars Eirik Tjeldflåt og andakten er ved Tone Synnøve Hellesøy. Både skulemusikken og Røysterett for alle blir med slik dei plar gjera og det blir også allsong.

Av Ola Matti Mathisen